

VALPROGRAM

2015 - 2019

Sauda Senterparti - for heile Sauda



Senterpartiet

saud (av syde) koking, syding - kome i saud



NEI TIL TVANG



GODE NÆRMILJØ



JA TIL NORSK MAT

Dette er **Sauda Senterparti** sitt kommunevalprogram. Her viser me korleis me vil gjera kommunen vår enda betre. I Senterpartiet sitt nasjonale program er **langsiktig forvaltning**, eit **samfunn bygd nedanfrå**, eit **demokratisk fellesskap**, **deling av samfunnsgoda**, og ein politikk om tek **heile Noreg i bruk** viktige hovudlinjer. Dette er verdier som Sauda Senterparti òg legg til grunn for sitt arbeid.

Barnehage og skule

Sauda Sp meiner strukturen me har i dag er den rette for Sauda. Det er viktig at innbyggjarane skal vera trygge på at **skulen og barnehagen nær der dei bur skal bestå**, også i framtida. Det kjem mange nye bustadar i **Saudasjøen** framover, og då er det viktig med stabilitet i skule- og barnehagetilbodet. Sauda Sp støttar dessutan bygging av ein **ny sentrumsnær kommunal barnehage i Åbøbyen**.

Helse, omsorg og bustader for eldre

Sauda Sp vil sjå på korleis me i dag **bruker omsorgsplassar**, og om det er mogleg auke kapasiteten på sjukeheimplassar. Sauda Sp er åpne for å **samarbeida med private utbyggarar** for å auke kapasiteten på sjuke- og eldrebustader. **Drift av helse- og omsorgstenester bør vera kommunal.**

Arbeidsplassar

Sauda Sp vil leggja til rette for etablering av **avstandsuavhengige arbeidsplassar** i Sauda. Me vil **regulera inn næringsareal** i kommuneplanen for **alle typar næring, frå industri til kontor** utan at dette kjem i konflikt med **jordvernet**.

Kommunesamanslåing

Utan veg til Etne ser Sauda Sp på **kommunesamanslåing som heilt urealistisk**. Me er svært **skeptiske til kommunereformen** og meiner den bidrar til å svekke lokaldemokratiet, samt fører til sentralisering av tenester.

Kultur

Folkets Hus skal bli **Saudas nye storstove**. Sauda Sp vil arbeide for å realisere dette prosjektet, og bidra til at dette blir eit **stort løft for kulturlivet** i Sauda.

Folkestyre

Folkestyret kan ikkje takast for gitt, og **må haldas livskraftig**. Senterpartiet ønskjer å styrkje **folkestyret**. Me ønsker at kommunestyret skal sette ned **grupper med engasjerte personar** innanfor enkelte politiske område. Desse skal kunna gi innspel til behandling av saker i kommunestyret. På denne måten kan innbyggjarar som brenn for enkelte område få engasjera seg og **påverka utviklinga i kommunen**.

Støtte til det frivillige Sauda

Sauda Sp vil **støtte opp om** det frivillige arbeidet i Sauda. Dei siste åra har det blitt gjort eit fantastisk arbeid med å **byggja anlegg**, setta **Sauda på kartet**, og engasjera **barn og unge** i Sauda, eit arbeid som er gjort av **frivillige og eldsjeler**. Sauda Sp meiner det er viktig å støtte opp om **lokalt engasjement** og å legge til rette for **frivillige organisasjonar**.

Vegtilknytning til E134

Sauda Sp vil arbeide vidare med å få på plass **veg mot Haugalandet og Etne**, for å sikra Sauda **heilårsveg inn på E134**. For å få til **nyetableringar** og **folkevekst** er det heilt avgjerande at **bu- og arbeidsmarknaden** vert betydeleg utvida. Realisering av vegen vil kreve gjennomgangstrafikk, det er derfor avgjerande at vegen får **riksvegstatus** og kan bli ein del av **Nasjonal transportplan**.

Høgfartstog

Sauda kommune må vera ein **aktiv eigar i Norsk Bane AS**, deltakar i **lyntogforum** og elles arbeida for å få realisert **Vestlandsbana over Haukeli** med **stasjon i Sauda**.

Trivsel

Sauda Sp vil leggja til rette for at det er god tilgang på **attraktive hustomter** i kommunen, utan at det kjem i **konflikt med dyrka mark**. Me vil i større grad opna for **spreid hyttebygging** og **praktisera 100 meters grensa mot vassdrag meir liberalt**. Me er positive til at Sauda kommune kan ha **turløyper for snøscooter** dersom grunneigarar vil etablere slike.



Senterpartiet

SMS: SP til 2360

Senterungdommen

SMS: SUL til 2360

www.senterpartiet.no/sauda
www.senterungdommen.no/rogaland

 Finn oss på
Facebook
facebook.com/saudasp

1



Ordførarkandidat Asbjørn Birkeland

33 år, arbeider med styresystemer for **gasturbinar** på Ekofisk-feltet. Asbjørn **brenn for Sauda** og er spesielt engasjert i **nærings- og arbeidsplassutvikling**.

Karl Erik Handeland

39 år, jobbar som **elektriker** på Jotun-feltet. Har eit stort **engasjement for Sauda** og er spesielt opptatt av **kultur og barn og unge** sine oppvekstvilkår.



2

3



Eirik Daniel Fatnes

31 år, jobbar som **metallurg** på smelteverket. Opptatt av eit **levande nærmiljø** og **desentralisert skule- og barnehage tilbud**.

Ivar Johannes Handeland

50 år, **dagleg leiar** i Hellvik Hus. Er **engasjert i det meste**. Meiner at **riksvegstatus gjennom Sauda** må til for å få realisert **etneveg**.



4

5. Haldis Eikjeland
6. Per Aksel Birkeland
7. Kristine Espeland Rafdal
8. Andreas Brekke
9. Lillian Nordengen
10. Arild Fostveit
11. Ola Magnar Birkeland

12. Karen Birkeland
13. Kristine Brekke
14. Sigrid Bojesen Fatnes
15. Jon Lambrigt Grindheim
16. Atle Løland
17. Morten Maldal
18. Tone Anita Molla

19. Svein Ramsnes
20. Sigvald Romsø
21. Einar Stålesen
22. Ordin Søndena
23. Kai Saua Aarthun
24. Øyvind Årthun